



REFERAT FRÅ SOKNERÅDSMØTE

Tysdag 18. august 2026

Tilstades: Elisabeth Verpelstad, Maria Brekke, Lisbeth Skorpen, Marion Gjeremo Jacobsen, Frode Kvamsø og Trond Vaksdal.

Neste møte: Tysdag 8. september KL. 18.00

SAKLISTE:

- Sak 42/26** Godkjenning av referat, innkalling og saksliste.
Innkalling og referat godkjend.
- Sak 43/26** Gudstenester og andre arrangement framover; Takk offer. Kyrkjekaffi og vertar.
30/8 kl. 11:00: Fest på kjerka, i parken m/dåp. Kyrkjevertar: Lisbeth, Elisabeth, Marion, Trond og Maria. Vi serverer kyrkjekaffi, vafler og kjeks. Takkoffer: Sjømannskyrkja.
20/9 kl. 11:00: Gudsteneste. Kyrkjevertar: Lisbeth og Trond. Kyrkjekaffi. Takkoffer: Fagertun leirstad.
11/10 kl. 11:00: Gudsteneste. Kyrkjevertar: Maria og Trond. Takkoffer: Kyrkelysarbeide. Ingen kyrkjekaffi.
1/11 kl. 16:00: Minnegudsteneste/konsert . Kyrkjevertar: Neste soknerådsmøte. Takkoffer: Kirkens SOS.
15/11 kl. 11:00: Vegen gudsteneste. Kyrkjekaffi. Takkoffer: IKO. Kyrkjevertar: Neste soknerådsmøte.
- Sak 44/26** Orientering frå Fellesrådet.
Det har ikkje vore avholdt møte fellesrådet sidan siste soknerådsmøte. Det freistas å ansette ny kantor/organist, Ann Jorunn Hopen fungerer som mellombels vikar.
- Sak 45/26** Dugnadstimar.
Det er lagt ned 37 dugnadstimar sidan siste oppteljing.
- Sak 46/26** 30/8 11:00: Fest på kjerka. Foreløpig organisering:
Lisbeth høyrer med kommune om tilgong til 50 klappstolar og 3 bord. Vi møter i parken 09:30 sundag for oppsetting av stolar og bord.
Lisbeth handler inn syltetøy, rømme, servietter, kjeks, og kopper/asjetter. Vi har bordduk. Huske søppelsekkar til opprydding.
Alle tar med ei termoskanne med kaffi (Marion tevatn)
Elisabeth, Marion og Maria? tar med seg 30 ferdigsteikte vafler kvar.
Frode vurderer å kontakte kommunen for «klargjering» av uteområdet i parken.
Vi snakkast nærmere om detaljer på Messenger (frakt av stolar/bord m.m.)
- Sak 47/26** 11/10: 11:00 Gudsteneste med Konfirmantjubilè: Foreløpig organisering.
Ca 70 innbydingar utsendte. Frode oppdaterer antal påmelde på Messenger.
Kyrkjevertar/oppgåver: Trond er kyrkjevert i kyrkja.
Elisabeth: Kontaktar Elvahuuset om betasuppe og brød/kuvertsmør.
Lisbeth: Ordnar dukar, bordpynt, telys, servietter, kaffi/kaffifløte.
Kaker:
Elisabeth: Glutenfri kake.
Maria, Marion lager ei kake kvar.
Lisbeth: Bestilling av kake?, Kan Reidun Dalseid lage ei kake?
Underhaldning: Quiz ved Frode.
Me tar eventuelle endringer m.m. på Messenger.

Anna:

Sak 40/26 Open Kyrkje framover.
Saka tas opp att på neste soknerådsmøte

Sak 28/26: Teikneark med motiv til barnekroken. Legge inn reserve i sakristi til etterfylling ved behov, og rydding. Dette er kyrkjevertane si oppgåve

Kildesortering i kyrkja. Vi må ta opp dette med Kyrkjetenar. Kildesorteringsstasjon med fleire spann i sakristi? Ved utgong til våpenhus, eit spann for papir og eit for restavfall?

Minner om Fellesrådssamling 27. september.

Kommande soknerådsmøter vil vere: 8/9, 6/10 og 3/11.

Vi ber for Eli og ynskjer henne ei god betring. Vi håper å sjå henne tilbake i «formannstolen» om ikkje lenge 😊

Hugs å notere dugnadstimar.

Med venleg helsing.
Trond Vaksdal
Skrivar

e-post: trond.vaksdal@felleskjopet.no
tlf. 95 99 46 61